



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
postmottak.sentraladm@sfj.no

Leikanger 22.11.2016

Høyringsfråsegn frå FNF Sogn og Fjordane til «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland».

FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og frilufsorganisasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og frilufsinteressene i aktuelle saker. FNF i Sogn og Fjordane har eit nettverk med 9 medlemsorganisasjonar på fylkesnivå med til saman over 16 000 medlemar. FNF arbeider for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ein del av norsk kulturarv og ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

Vi takkar for at vi fekk utsett høyringsfrist!

Samandrag

Natur- og frilufsorganisasjonane er særst viktige aktørar i det sivile samfunn og vi er difor opptekne av regionen sitt ansvar for det sivile samfunn og utviklinga av dette, innan ansvarsområda, regional politikk og -utvikling, regionretta forskning og utviklingsarbeid, offentleg samarbeid og tenesteyting, natur- og miljøvern. Det sivile samfunn er ein del av grunnmuren i samfunnet og difor sentral i all samfunnsutvikling.

I ein stor Vestlandsregion.

Fylkeslaga i organisasjonane vil truleg trenge ein ny regionoverbygning for å møta ein ny vestlandsregion. Det krev nye oppgåver til eksisterande eller nye frivillige i organisasjonane og lenger reiseavstand og avstand til det offentlege for mange, dvs å auke dei byråkratiske oppgåvene i organisasjonane. Særleg om sektoren Kultur og idrett får ansvar for frilufsinteressene og vert plassert i Stavanger. Denne bør i så fall då kallast «Kultur og fysisk aktivitet» eit omgrep som femnar om både idrett og friluftsliv. Eller er ansvaret for friluftsliv tenkt inn under folkehelse?

Organisering av frivillig sektor.

Frivillig sektor har sitt utspring i lokal identitet og lokal aktivitet der de frivillige har sitt naturlege engasjement. Desse grensene basert på identitet, engasjement og sosial tradisjon vil naturleg å halda fram. Fylka har vore ein naturleg overbygning for lokallaga fram til no. Om det vil vere tenleg og praktisk mogleg å slå desse saman til ein region trengs det meire tid,

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

arbeid og utreiing for å finne ut av, men ein faktor er konstant og svært reell for møteverksemd og samhandling i vestlandsfylka og Sogn og Fjordane spesielt, og det gjeld reiseavstandar og reisetid. Det er krevjande nok på fritida å reise rundt i eige fylke. Reising i ein ny Vestlandsregion vert svært krevjande. Infrastrukturen er basert på effektive aust-vestsamband, medan reising nord-sør i fylket og nabofylka er særstidkrevjande ut i frå kommunikasjonane vi har i dag. Vestlandsregionen vert særst omfattande og krevjande for frivillige i sivil sektor.

Regionen sitt ansvar og samhandling i høve utvikling av det sivile samfunn vert meir utfordrande og krevjande for det frivillige å følgje opp. Det vert turvande naudsynt å halde fram med møtepunkt basert på eksisterande fylkesgrenser. Å møte til dialogmøte i SF for frivillige på kveldstid er krevjande nok. Å skulle kunne møta på dialogmøte i Stavanger i fritida på ein vekedag er ikkje mogleg med infrastrukturen vi har dag. Friluftslivet har ikkje store ressursar og det vil følast meiningslaust å stadig måtte nytta desse på lengre reiser og to-til tredobla reisetid.

Deltaking og demokrati.

I eit klima og miljøperspektiv er større avstandar og meir reising ikkje vegen å gå. Det er heller ikkje å styrke demokratiet og deltaking i dette, men ei måte å byggja ned demokrati og høva for sivile til aktiv deltaking.

Vi saknar gode svar og mål på korleis samhandling med og utviklinga av det sivile samfunn innan vår sektor skal kunne styrkast under den nye Vestlandsregionen. Innhald, oppgåver og gode desentraliserte funksjoner er lite konkretisert.

Friluftsliv

Friluftsliv er den forma for fysisk aktivitet som aktiviserer størst del av folkesetnaden og den aktiviteten som flest vil drive meir med. Friluftsliv og nærfriluftsliv vert stadig meir viktig i eit folkehelseperspektiv. Dette er ikkje reflektert i intensjonsplanen eller i regionreforma, muligheter og utfordringer. Vi kan slik ikkje sjå at våre interesser vert tekne i vare gjennom regionreforma og intensjonsplanen for Vestlandsregionen. Dette er svært urovekkjande når ein veit kva rolle og vinst naturen og friluftinteressene har for samfunnet og samfunnsøkonomien (Kilder: Rapport Samfunnsøkonomiske virkninger av friluftsliv, Vista analyse: <http://www.norskfriluftsliv.no/wp-content/uploads/2016/09/VA-rapport-2016-36-Samfunns%C3%B8konomiske-virkninger-av-friluftsliv.pdf> og

«Norsk Friluftslivs nye brosjyre viser mange gode resultat som skapes gjennom prosjekt i regi av frivillige friluftorganisasjoner. Brosjyren omtaler prosjekter gjennomført i 2015, av femten norske friluftorganisasjoner.

- Friluftslivet er godt for den enkelte, og for folkehelsa. Dette er dokumentert i en rekke rapporter og undersøkelser. Friluftsliv er en aktivitetsform som er rimelig å utøve, og er attraktiv i alle aldersgrupper. Sentralt i det norske friluftslivet er de frivillige organisasjonene, som legger til rette og tar med seg folk på tur; til fjells og i skogen, i nærmiljøet, langs kyststier og til sjøs, skriver generalsekretær Lasse Heimdal som innledning til brosjyren.»

<http://www.norskfriluftsliv.no/wp-content/uploads/2016/11/Naturopplevelser-kurerer-slappfisker.pdf>).

Høyringsvar til intensjonsplan for samanslåing:

Innleiing

Kommentar til retting; det er vel dei folkevalde i dei tre fylkestinga som søker Stortinget om å bli slegne saman i ein ny region. Vi har ikkje notert oss at ein eventuell ny region er folkevald pr. no, sjølv om eit større fleirtal av folket ønskjer ei folkeavstemming om dette.

Mål for samanslåing

Hovudmål 1 om sterkare demokrati, har lite truverde då lengre avstandar til dei styrande og deira organ vil vere ei svekking av demokratiet, særleg i ytterkantane der folketettleiken er liten kontra byområda. Det står og omtala med usikker effekt for desentraliserte stork i omtale av regionreforma på Vestlandet.

Delmål om å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevald nivå meiner vi er særst uheldig i høve fagleg forvaltning innan våre ansvarsfelt natur og friluftsliv. Viktige kunnskapsmiljø vert nedbygd og fragmentert, politiske avgjerd vert i enno mindre grad tufta på kunnskap som kan gje langsiktig berekraftig politikk.

Eit nytt regionalt nivå på Vestlandet

Samanslåing inneber sentralisering og samling av offentlege oppgåver og tenester til færre stader, noko som opplevast som ei nedbygging av tenester lokalt.

Dei desentraliserte samfunna vert ikkje styrka i avtalen, der det kun vert søkt avtalefesta desentralisert struktur for fylkesmannsembetet.

Premisser for Vestlandsregionen.

a) Viktige samfunnsoppgåver skal overførast frå statleg til regionalt folkevalt nivå.

Fagdirektorat vert nedbygd og vi misser sentral kompetanse som gode avgjerd og retningsliner i politikken bør vere tufta på. Dette er vi sterkt imot.

Det er viktig å sikre balansen mellom nasjonale miljøomsyn og interessene for utbygging og andre næringstiltak i vår natur. Hovudregelen er i praksis at kommunar og fylkeskommunar legg større vekt på næringsinteressene, ofte i stork med fallande sysselsetting, enn det statlege tilsynet som fylkesmennene og Miljødirektoratet står for. Våre område med nokolunde intakt natur minkar stadig. Både artar og naturtypar er truga. Ordninga med Miljødirektoratet og fylkesmennene som statlege tilsyn med naturforvaltninga på den eine sida – og lokale og regionale næringsinteresser på den andre – er godt i tråd med det maktfordelingsprinsippet som vår statsforfatning er bygd på sidan 1814. Dei statlege institusjonane handlar etter lover og reglar som Stortinget har vedteke. Vi held Stortinget for å vere eit representativt, demokratisk organ. Resultatet i praksis er ein balanse som langt frå inneber veto mot å ta naturen i bruk. Vi går sterkt i mot å flytte oppgåver frå fylkesmennene og Miljødirektoratet til fylkeskommunane eller ein ny region på Vestlandet.

Kunnskap er og må vere nøkkelen til ei god utvikling for framtida. Vi treng i stadig større mon kunnskapsbasert forvaltning. Dette vert feil premis for å kunne møte framtida sine utfordringar på. Stabile og gode kunnskapsmiljø må ligge under statleg nivå.

b) Regionen bør ha ansvar for vidaregåande opplæring og midlar til å rifta denne på ei god måte. Det same gjeld for kollektivtransporten, som i eit klimaperspektiv må få ei mykje større og meir sentral rolle framover. Høgskulemiljøa må sikrast i sine desentraliserte miljø.

c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta. Vi ser allereie no ei rasing av lokale tilbod med marginal samfunnsøkonomisk vinst og er generelt uroa over den sentraliseringa og nedbygginga av lokale tenester som allereie er i gang på fleire område. Det er lite truleg at ein enno større region vil evne å ivareta desentraliserte, lokale tenester på ein betre måte, i eit system der kjøtvekta for folketettleiken vil vere forande.

d) I Sogn og Fjordane ser den nordlige delen av fylket seg lite tent med å gå inn i ein stor Vestlandsregion sørover. Infrastrukturen og BAS-område tilseier ikkje at ein slik samanslåing vil vere den best tenlege for denne regionen. For Sogn og Fjordane samla er det slik at infrastrukturen er basert på gode aust-vest samband, noko som vil vere ein stor utfordring for å kunne drive ein Vestlandsregion effektivt.

e) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leining frå Sogn og Fjordane. Dette støttar vi fullt ut. Samstundes spør vi: Kva for oppgåver i FK skal vere desentraliserte i dagens fylke? Vil vi miste nærleik, kunnskap og arbeidsplassar ut av fylket? Vert vi tappa for gode høve til demokratisk deltaking ved ein sterk sentralisering og tidvis nedbygging av sterke regionalt forankra, etter dagens fylkesgrenser, frivillige organisasjonsmiljø?

Med helsing
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator

Marino J. Ask
Styreleiar FNF og leiar Sogn og Fjordane Turlag

Marit Vøien Nes
Leiar Naturvernforbundet, styremedlem FNF